2. Det forutsettes at det opparbeides nødvendig adkomstveg frem til anlegget for tømming eventuelt vedlikehold.
3. Tømming av anlegget må avklares med Innherred Renovasjon.
4. Det skal innsendes årlig rapport på når service av anlegget er avholdt og tilstanden på anlegget.
5. Anlegget er/ skal dimensjoneres for 3 boenheter og gjelder ovennevnte eiendommer.
6. Ved anmodning om brukstillatelse/ ferdigattest skal det vedlegges kart som viser eksakt plassering av anlegget.

**Tildeling av ansvarsrett**

I henhold til erklæring om ansvarsrett tildeles ansvarsrett til:
- NST AGENTURER (NILSEN SERVICETEAM): SØK, PRO og UTF, renseanlegg.

***Ansvarlige foretak skal påse at arbeidene blir gjennomført i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av plan- og bygningsloven.***

**Kontroll**

Det forutsettes at kontroll foretas i samsvar med foretakets eget system og eventuelle kontrollplaner for viktige og kritiske områder.

Eigedomen gbnr 28/28 er ein bebygd bustadeigedom som i føresegnene til kommunplanen for Meland har status som LNF-spreidd bustad. I slike område er det tillete å etablera mellom anna tekniske installasjonar, jf Kommuneplanen sine føresegner punkt 3.2 , jf pbl §11-11 nr. 2. Tiltaket krev difor ikkje dispensasjon.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering og det er ei føremon at eksisterande ulovlovlege anlegg vert skifta ut.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.
Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.
Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømming og sikring av slamavskiljaren. Tilknyting til kommunal slamtømmeordning går ut.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve frå bustadhus, 5 pe, på gbnr 28/28, i samsvar med søknad journalført 27.07.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg med etterpolering der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng på eigen eigedom.

2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.

3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl § 23-3.

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

<u>Bortfall av løyve:</u>
Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Gnr 28/28



Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømming og sikring av slamavskiljaren. Tilknyting til kommunal slamtømmeordning går ut.

Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrett:

| Føretak: | Godkjenningsområde: |
|---|---|
| NST Agenturer<br>Org.nr 985402787<br><br>Lokal godkjenning | SØK, heile tiltaket (tkl 1)<br>PRO, dimmensjonering og plassering (tkl 1)<br>UTF, plassering og montering av reinseanlegg (tkl 1) |

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve for ein fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 53/11 og 14, i samsvar med søknad motteke 20.05.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 28.09.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng.

2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.

3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Det vert gjeve ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad, jfr plan- og bygningslova.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:
Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Utslepp 53-11, 14

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Inge Eggen | Skjellangervegen 883 | 5917 | ROSSLAND |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| NST Agentur (Nilsen serviceteam) | Lervikvegen 75 | 5936 | MANGER |

## SITUASJONSKART

MELAND KOMMUNE

| | |
|---|---|
| Gnr/Bnr: | 53/11,14 |
| Adresse: | Skjelangervegen 763 |
| Eigar/fester: | Bjørn Inge Eggen |
| Kvalitet : | FKB-B |
| Gjeldande plan : | Kommuneplan |
| Planformål : | LNF |
| Vår referanse: | PAS |

N

Målestokk: 1:500
Dato: 04.05.2015

Gjerde
Usikker eigedomsgrense
Målt eigedomsgrense

Bolighus
Andre bygg

Sign. ..........................................




Husk å setje på avstandar på kartet

## SITUASJONSPLAN

Tiltak

Underskrift Situasjonsplan     Dato

**FJALER KOMMUNE**
**Teknisk kontor**

Morten Nilsen
Våganeset 27
5106 ØVRE ERVIK

| Vår ref. | Dykkar ref. | Arkiv | Dato: |
|---|---|---|---|
| 16/644-2/ EDB<br>16/5939 | | K1 - 40/5 | 04.07.2016 |

## Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn - gbnr 40/5

Vi har motteke søknad datert 07.06.16 om utsleppsløyve frå fritidshuset ditt på gnr 40 bnr 5. Vedlagt søknaden er søknad om byggeløyve datert 07.06.16 m/vedlegg frå firmaet NST AGENTURER (Nilsen Serviceteam).
Utsleppet skal førast til biologisk reinseanlegg dimensjonert for 6 pe.

*Vurdering:*
Det er ikkje motteke merknader frå varsla naboar. Det vert vurdert som ikkje nødvendig å handsame dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. For å sikre at reinseanlegget sin funksjon vert ivareteken i framtida, må det inngåast serviceavtale.

*Delegert vedtak:*
Med heimel i §12 i Forureiningslova vert det gitt løyve til utslepp frå fritidshuset på gnr 40 bnr 5, i samsvar med søknad datert 07.06.16 m/vedlegg, men med desse vilkåra:

- ✓ Anlegget må plasserast slik at slamtømming kan skje med tankbil.
- ✓ Det må inngåast skriftleg serviceavtale med godkjent firma når det gjeld reinseanlegget.
- ✓ Ferdigmelding må sendast Fjaler kommune når anlegget er ferdig.

NST AGENTURER vert godkjent som ansvarleg for alle funksjonar.

Faktura på handsamingsgebyr på kr 2500.- vert sendt med det første.

Med helsing

Edvin Bøthun
kommunalsjef teknisk

Direkte tlf: 57738043

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| NST AGENTURER | Leirvikvegen 75 | 5936 | MANGER |

Postadr.: Postboks 54, 6961 DALE I SUNNFJORD | Telefon: 57 73 80 00 | Telefaks: | E-post: post@fjaler.kommune.no | Org.nr 864968422 | Bankgiro: 3741 07 10103 | Innbetaling skatt 6345 06 14299

Vaksdal kommune
Samfunnsutvikling

KOPI

NST Agenturer
5936 MANGER

| **Referanser:** | **Saksbehandlar:** | **Dato:** |
|---|---|---|
| Dykkar: | Sveinung Klyve | 17.09.2015 |
| Vår: 15/1352 - 15/5633 | sveinung.klyve@vaksdal.kommune.no | |

## Søknad om utslep av sanitært avløpsvann frå hytte gbnr 70/2/29 Røyskattlia hjå Jan Perry Finnøy

**Delegert vedtak. Saknr: 171/2015**

**Saksutgreiing:**

Jan Perry Finnøy søkjer om løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn (svartvatn og gråvatn) frå typegodkjent minirenseanlegg frå hytte på gnr: 70/2/29 på Rødland i hyttefeltet Røyskattlia i Vaksdal kommune.

**Vurdering:**

Hytta ligg på toppen av eit høgdedrag. Utsleppet frå minirenseanlegget skal gå i drenert grøft til stadeigne massar og drenerer så vidare i terrenget ned til Vesletjørn i Bergsdalsvassdraget ca 70 m lenger nede. Ca 20 m vest frå hytta går det ein liten bekk. Her ligg det ein tynn plastledning, slik at det ser ut som hytter nedanfor tek inn vatn frå bekken lenger oppe. Utsleppet frå renseanlegget må ikkje leggjast slik at det har fall inn til denne bekken.

Det vert opplyst frå søkjar ved NST Agenturer at det ikkje ligg brønnar i nedslagsområdet for utsleppet. Det er ikkje badeplassar i Vesletjørn som ligg nedanfor. Det er ikkje regisrert sårbare naturtypar eller artar i området.

Det typegodkjente anlegget er av typen August type AT8 til 8 pe. Dette anlegget skal i fylgje leverandør NST Agenturer også fungera godt sjølv med sporadisk bruk , slik det ofte vert på einfritidsbustad. Anlegget har ein rensegrad på 90 % fjerning av BOF og fosfor. Eit slikt anlegg skal difor ikkje gje ulemper til området. Det er gjort avtale med NST Agenturer om service av anlegget .

Gebyr:

Gebyr for handsaming av dette utslepsløyvet på < 15 pe er kr 2 500,- Faktura vert lagt ved.

**Vedtak**

Med heimel i § 12 i forurensingsforskrifta gjev Vaksdal kommune Jan Perry Finnøy løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn (svartvatn og gråvatn) frå typegodkjent minirenseanlegg , August type AT8 til 8 pe med krav om 90 % fjerning av BOF og fosfor, frå hytte på gnr: 70/2/29 Rødland i hyttefeltet Røyskattlia i Vaksdal kommune. Ca 20 m vest frå hytta går det ein liten bekk. Utsleppet frå renseanlegget må ikkje leggjast slik at det har fall inn til denne bekken. Dersom anlegget gjev ulemper i området, kan ekstra rensetiltak verta pålagd. Anlegget må installerast og drivast etter reglar i forurensningsforskriften. I fylgje § 12–10 skal minirenseanlegg ha «dokumentasjon som tilfredsstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for rensegrad, slamproduksjon og gjennomsnittlig lufttemperatur ». Dessuten krever forurensningsforskriften § 12-13 at minirenseanlegg skal drives og vedlikeholdes i henhold til skriftlig drifts- og vedlikeholdsavtale. Slam må tømmast ved behov av godkjent firma. Årleg servise og prøvetaking vert kravd. Kopi av dette må sendast Vaksdal kommune. Gebyr for handsaming av dette utsleppsløyvet på < 15 pe er kr 2 500,- Faktura vert lagt ved.

***Klage:***
*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.*

KOPI

Med helsing

Willy Andre Gjesdal
Einingsleiar

Sveinung Klyve
Miljørådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| NST Agenturer | | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jan Perry Finnøy | Solåsen 2 J | 5223 | NESTTUN |

Vaksdal kommune
Samfunnsutvikling

Vegard Wisth
Troldhaugen 57
5232 PARADIS

**Referanser:**
Dykkar:
Vår: 16/699 - 16/5410

**Saksbehandlar:**
Sveinung Klyve
sveinung.klyve@vaksdal.kommune.no

**Dato:**
01.07.2016

## Byggesak gbnr 70/2/25 Rødland. Søknad om utsleppsløyve fritidsbustad. Etablering av renseanlegg Tiltakshavar Vegard Wisth

**Delegert vedtak. Saknr: 119/2016**

**Saksutgreiing:**

Vegard Wisth søkjer om løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn (svartvatn og gråvatn) frå typegodkjent minirenseanlegg frå hytte på gnr: 70/2/25 på Rødland i hyttefeltet Raunehaugen i Vaksdal kommune.

**Vurdering:**
Hytta ligg i eit hyttefelt med spreidde hytter omkring. Utsleppet frå minirenseanlegget skal gå i drenert grøft til stadeigne massar og drenerer så vidare i terrenget ned mot Bergsdalsvassdraget ca 250 m lenger nede.
Det vert opplyst frå søkjar og leverandør av anlegget ved NST Agenturer at det ikkje ligg brønnar i nedslagsområdet for utsleppet. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller artar i området. Eksisterande avløpsløsning er i dag dårleg og eit renseanlegg vil forbetra dette vert det sagt. Grunneigar Sondre Tesdal Rødland har ikkje merknadar plasseringa av anlegget. Nabohytter er ikkje varsla då dei formelt sett ikkje er grunneigar. God praksis er nok likevel å informera dei slik at ein unngår problem med t.d.drikkevatn eller liknande.
Det typegodkjente minirenseanlegget er av typen August type AT 12 til 10 pe har høggradig rensing til følsomt område med 90 % rensing av fosfor og 90 % fjerning av BOF. Dette anlegget skal i fylgje leverandør NST Agenturer også fungera godt sjølv med sporadisk bruk , slik det ofte vert på ein fritidsbustad. Eit slikt anlegg skal difor ikkje gje ulemper til miljø og natur i området. Det gjev ingen lukt og svært liten lyd, vert det sagt frå leverandøren. Det er gjort avtale med NST Agenturer om service av anlegget 2 gonger pr år .
Gebyr for handsaming av dette utslepsløyvet er kr 4300,- Faktura vert lagt ved.>

**Post**
post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**
www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967

vaksdal kommune

3. Tiltaket er tilstrekkeleg dekka med ansvar, jf. plan og bygningslova § 21-4, 2. ledd.

Saksutgreiing:

Tiltak
Saka gjeld søknad om bygging av minireinseanlegg.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå frå LNF-føresegna og byggeforbodet i strandsona.

Tiltaket erstattar eldre avlaupsanlegg.

Sakshandsamingsfrist
Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27/04/2016 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus
Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

Dispensasjon
Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føresegna i kommuneplanen sin arealdel og byggeforbodet i strandsona.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving: Oppgradering av eldre avløpsanlegg.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel
Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering
Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan frå søknad, tiltak er plassert på eiga tomt.

Klipp frå situasjonsplan:

**Vedtak**

Med heimel i § 12 i forurensingsforskrifta gjev Vaksdal kommune Vegard Wisth løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn (svartvatn og gråvatn) frå typegodkjent minirenseanlegg , August type AT12 til 10 pe med krav om 90 % fjerning av BOF og fosfor, frå hytte på gnr: 70/2/25 på Rødland. Dersom anlegget gjev ulemper i området, kan ekstra rensetiltak verta pålagd. Anlegget må installerast og drivast etter reglar i forurensningsforskriften. I fylgje § 12–10 skal minirenseanlegg ha «dokumentasjon som tilfredsstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for rensegrad, slamproduksjon og gjennomsnittlig lufttemperatur ». Dessuten krev forurensningsforskrifta § 12-13 at minirenseanlegg skal drivast og vedlikehaldast i henhold til skriftleg drifts- og vedlikeholdsavtale. Slam må tømmast ved behov av godkjent firma. Årleg servise og prøvetaking vert kravd. Kopi av dette må sendast Vaksdal kommune. Gebyr for handsaming av dette utslepsiøyvet på er kr 4300,- Faktura vert lagt ved.

***Klage:***
*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Sveinung Klyve
Miljørådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| NST Agenturer (Nilsen serviceteam) | Leirvikvegen 75 | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vegard Wisth | Troldhaugen 57 | 5232 | PARADIS |

Gulen kommune

Plan, landbruk og teknisk

**Sakshandsamar**
Sandra Sofi Skutvik
**Arkivsak - Journalpost**
16/587 - 16/4679
**Arkivkode**
GNR-78/19, FA-L42
**Dato**
12.05.2016

## Saksframlegg

### Vedtak om løyve til etablering av renseanlegg på gbnr. 78/19 Fivelsdal

| Saksnummer | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 100/16 | Delegert hovudutval for plan og utvikling | 12.05.2016 |

Einingsleiar PLT har endeleg avgjerdsmynde i saka.

**Vedtak etter delegert fullmakt:**
I medhald av plan og bygningslova § 20-1, godkjennast søknaden med følgjande vilkår:

- Løyve til tiltak gjeld etablering av reinseanlegg på gbnr. 78/19 Fivelsdal.
- Det vert krav til etterpolering.

Det kan ikkje utførast anna arbeid enn det som er godkjent i dette løyve.

I medhald av plan og bygningslova vert desse føretaka godkjent som ansvarleg foretak for ansvarsrett.

- NST AGENTURER SØK, PRO, UTF

Ansvarleg føretak skal sjå til at arbeidet blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og føresegner og godkjende kontrollplanar, slik at tiltaket ikkje strir mot regel gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.

**Sakstilfang:**

- Søknad om løyve i eitt trinn datert 01.04.16
- Nabovarsel

- Søknad om dispensasjon
- Kart
- Erklæring om ansvarsrett
- Gjennomføringsplan
- Kjøpskontrakt for August reinseanlegg
- Referanseprosjekter frå NST Agenturer
- Sintef sertifikat
- Brosjyre biologisk reinseanlegg
- Oversending av nabovarsel og kart
- Merknad til nabovarsel datert 28. april
- Kommentar til merknad til nabovarsel datert 11. mai

**Saksutgreiing:**
Ansvarleg søkjar: NST ARGENTUR, Leirvikvegen 75,5936 Manger
Tiltakshavar: Morten Nilsen, Våganeset,5106 Øvre Ervik

Søknaden gjeld løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1.

Søknaden:
Søknaden gjeld etablering av reinseanlegg på gbnr. 78/19 Fivelsdal.

Det skal etablerast etterpolering.

Byggjetomt:
Privat veg og leidningsnett.

Estetiske krav:
Synest ivareteke i høve til denne type bygg.

Protestar:
Frå nabo Arnt Vetter og Ingrid Hatletveit datert 28. april 2016.

Planstatus/dispensasjon:
Den frådelte tomta ligg i Fivelsdal.

**Vurdering/konklusjon:**
Frå nabo Arnt Vetter og Ingrid Hatletveit på gbnr 78/34 er det kome inn merknad om at det vil være for mykje utslepp med tanke på mengde jord/sand det er i grunnen. Det kjem også påstand om at det er hull i eksisterande slamavskiljar, og dette har ført til auka fukt og vond lukt til deira eigedom.

Ansvarleg søkjar har i e-post av 11.05.16 kommentert merknaden frå nabo. Årsak til etablering av reinseanlegg er nettopp å rette opp i dette gamle utsleppet. Det nye reinseanlegget vil være ei betydeleg forbetring av dagens løysning, og ingen lukt. Ansvarleg søkjar har lagt fram alternativ løysning med leidning til sjø. Dette gjekk ikkje nabo med på grunna leidning måtte gå over deira eigedom. Det skal etablerast etterpolering av særleg omsyn til.

Ut i frå ei samla vurdering av søknaden og merknadane til denne vert det gjeve løyve til etablering av reinseanlegg **med** etterpolering.

Ferdigattest:
Når arbeidet er ferdig skal ansvarleg søkjar, skriftleg be om bruksløyve eller ferdigattest. Det skal leggast ved kontrolldokumentasjon i samsvar med kontrollplanen. Er det ynskje om bruksløyve skal dette grunngjevast.

Dette løyve skal saman med godkjende teikningar og kontrollplanar være tilgjengeleg på byggeplassen.

Løyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gang innan 3 år frå vedtaksdato, eller dersom tiltaket stoppar i lengre tid enn 2 år, jamfør plan og bygningslova § 21-9.

**Gebyr:**
Det skal betalast gebyr for handsaming av søknad om løyve til tiltak og søknad om godkjenning av føretak for ansvarsrett i medhald av Gulen kommune sitt gebyrregulativ.

**Rett til å klage:**
Vedtaket kan klagast over, jamfør Forvaltningslova § 27.

Gulen kommune

landbruk og teknisk Plan

**Sakshandsamar**
Willy-André Christensen
Tlf. 57 78 20 40
**Vår referanse**
16/628 - JP 16/5732
**Dykkar referanse**

**Dato**
13.06.2016

NST Agenturer

**Ferdigattest for renseanlegg på gbnr. 78/19 Fivelsdal**

Søknad om ferdigattest gjeld for:

| | |
|---|---|
| Eigedom: | 78/19//// |
| Adresse: | Grimevegen 436 |
| Tiltakshavar: | Morten Nilsen, Våganeset,5106 Øvre Ervik |
| Ansvarleg søkjar: | NST ARGENTUR, Leirvikvegen 75,5936 Manger |
| Tiltak: | Nybygg / Reinseanlegg for avlaup/septik |

Ferdigattesten vert gjeven på grunnlag av førespurnad og på grunnlag av framlagt dokumentasjon; jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10 og Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker, SAK10 §§ 8-1 og 8-2.

Den framlagne dokumentasjon stadfester at alle krav og vilkår som er stilt i løyve, og som elles følgjer av gjeldande reglar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, er dokumentert oppfylt.

Ferdigattesten gjeld for tiltaket slik det er omtalt i løyve med seinare tillegg. Ferdigattesten er ikkje ein stadfesting på tekniske kvalitet til bygget, men ein stadfesting på avslutning av saka hjå styresmaktene.

**Med heimel i plan- og bygningsloven § 21-10 vert det gjeve ferdigattest.**

Med helsing

Willy-André Christensen
Avdelingssekretær Plan, landbruk og teknisk

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Gulen kommune og har derfor ingen signatur.*

OSTERØY KOMMUNE
Forvaltning

NST Agenturer (Nilsen Serviceteam)

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Sture Helle | 31.05.2016 |
| Vår: 16/1013 - 16/10268 | sture.helle@osteroy.kommune.no | |

# gbnr 110/18 -løyve til utslepp etter ureiningslova og løyve til tiltak etter pbl.

**Administrativt vedtak. Saknr: 163/16**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-3.

Ansvarleg søkjar: Nilsen Serviceteam

Tiltakshavar/fakturamottakar: Arve Hetlefløt, Øvre Seimsmark 4b, 5260 Indre Arna

Søknaden motteke: 27/04/2016

**RÅDMANNEN SITT VEDTAK**

" I medhald av delegert mynde til rådmannen frå heradsstyret av 14.12.2011 vert det gjort slikt vedtak:

Det vert med heimel i ureiningslova, forskrift om ureining § 12 gjeve løyve til utslepp via godkjend minreinseanlegg for inntil 8 PE. Det skal liggje føre serviceavtale på anlegget.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føresegna og byggeforbodet i strandsona for bygging av minireinseanlegg.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for bygging av minireinseanlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagd søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. Forskrift om byggesak (SAK) § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.

Post
post@osteroy.kommune.no
Dokumentsenteret
5282 Lonevåg

Kontakt
www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712



**Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**
Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

**Tekniske krav til byggverk**
Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

**VURDERING**

**Dispensasjon**
Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore å gje dispensasjon for bygging av minireinseanlegg der desse gjev ei berte løysing enn eksisterande anlegg.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at nytt anlegg vil redusere avrenning av svartvatn frå eigedomen ned mot sjøen, og at dette vil betre tilhøva for helse, miljø, tryggleik

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå frå LNF-føresegna og byggeforbodet i strandsona.

Plassering
Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse
Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1jf. forskrift om byggesak § 9-3.

Ved tiltak etter plan og bygningslova § 20-3 pliktar tiltakshavar å vidareføra sitt ansvar til ansvarlege føretak, jf. plan og bygningslova § 23-1, 3. ledd, første punktum.

Kommunen har motteke signert erklæring for ansvarsrett frå følgjande føretak, jf. plan og bygningslova § 23-3, 2. ledd:

| Rolle | Tk | Ansvarsområde | Godkjend føretak | Organisasjonsnummer | S/N |
|---|---|---|---|---|---|
| SØK | 1 | ETABLERING AV RENSEANLEGG | NST AGENTURER ORG 985402787 | 985402787 | |
| PRO | 1 | DIMMESJONERING OG PLASERING AV RENSEANLEGG | | 985402787 | |
| UTF | 1 | PLASSERING OG MONTRING AV RENSEANLEGG | | 985402787 | |
| | | | | | |

Kommunen vurderer at tiltaket er tilstrekkeleg dekka med ansvar, jf. plan og bygningslova § 21-4, 2. ledd.

**Vurdering etter naturmangfaldslova**
Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

**Konklusjon**
Rådmannen vurderer at søknaden er fullstendig, og sidan det ikkje er søkt om unntak vert det lagt til grunn at tiltaket skal oppfylle alle tekniske vilkår, jf. plan- og bygningslova § 21-4. 1. ledd.

Kommunen gjev løyve til bygging av minireinseanlegg som omsøkt for inntil 8 PE.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Til orientering**

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1013

Vedtak vert send Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

*Ansvar*
*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

*Bortfall av løyve*
*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

*Avfall*
*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

*Ferdigstilling*
*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*

1. **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|---|---|---|---|
| 9.1.3 | **Dispensasjon som gjeld arealformål LNF for mindre tiltak på bygd eigedom** | 1 | 3.000,- |
| 10.2.7 | **Bygningstekniske installasjonar**<br>Jf. pbl. § 20-1 f.<br>Separat søknad om oppføring, endring og reparasjon. | 1 | 3.500,- |
| 17.2.3 | **Søknad om endra utslepp ved endring eller oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg** | 1 | 3.300,- |
| | | | |
| | Totalt gebyr å betala | | 9 800,- |

| Art | Ansvar | Teneste | Kostnadsstad | Prosjekt | Mva/Mva.k | Debet | Kredit |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 16200 | 69000 | 3021 | | | | | 9 800,- |

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

**Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jostein Førre<br>Rådmann | Sture Helle<br>Sakshandsamar |

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Matrikkelansvarleg arkiv | | | |
| Matrikkelansvarleg kart | | | |
| ØKONOMI | | | |

**Mottakar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nilsen Serviceteam | Leirvikvegen 75 | 5936 | MANGER |
| NST Agenturer (Nilsen Serviceteam) | | | |